



Kvifor synest vi det er viktig at du tar kontakt med Ressursgruppe demens Fjaler?

Mange som får ein demensdiagnose vil kunne fortsetje å leve som før ei god stund. Det er likevel viktig at personar med demens får god oppfølging heilt frå starten.

Ressursgruppa i kommunen kan bidra til oppfølging. Oppfølging handlar om meir enn praktisk hjelp, for eksempel å informere om sjukdommen og kva som finst av tilbod, gi råd og rettleiing.

Personar med demens vil etter kvart få større utfordringar med daglege aktivitetar. Ressursgruppa kan då informere om, motivere for og setje i gang aktuelle tenester. Hensikta er å bidra til at personar med demens skal kunne leve eit så godt, trygt og sjølvstendige liv som mogeleg, trass i sjukdom.

Kontakt oss

Ingrid Bjergene | Sjukepleiar

Telefon: 95 25 59 30

E-post: ingrid.bjergene@fjaler.kommune.no

Oline Lindelid | Sjukepleiar

Telefon: 41 46 95 82

E-post: oline.lindelid@fjaler.kommune.no

Evy Solheim | Sjukepleiar

Telefon: 57 73 81 47

E-post: evy.solheim@fjaler.kommune.no



**RESSURSGRUPPE
DEMENS FJALER**



**RESSURSGRUPPE
DEMENS FJALER**



Kven er vi?

Ressursgruppe demens Fjaler er eit lågterskeltilbod retta mot personar med demens eller mistanke om demensutvikling.

Gruppa består av personar som jobbar innan helse og omsorg i kommunen. Vi har god erfaring med demens og ynskjer å komme tidleg i kontakt med målgruppa.

«Vårt mål er å gje auka kunnskap, skape ein trygg og føreseieleg kvardag for den demensråka og deira pårørande»

Ta kontakt med oss dersom du er bekymra for deg sjølv eller nokon i nær relasjon.

God oppfølging startar tidleg, nokre gongar før ein har fått avklart diagnosen.



Medlemmar i gruppa: Sissel, Ingrid, Solfrid-Lovise, Oline, Tina-Marie og Roger

Kva kan du få hjelp til?

Vi vil sikre at personar med demens og deira pårørande får god utredning, oppfølging og eit godt tilpassa tenestetilbod. Vi kan bidra med utredning for å kartlegge om kognitiv svikt skuldast demens.

Jamleg kontakt og om ynskjeleg heimebesøk.

Vi kan etablere kontakt og tverrfagleg samarbeid med hjelpeapparat som:

- Fastlege
- Heimetenesta
- Ergoterapeut
- Specialisthelsetenesta

Vi kan vurdere og kartlegge behov for tekniske hjelpemiddel/velferdsteknologi.